



Byggmester Bengt Ingvard Iden
lo
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2816 - 18/26709

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@meland.kommune.no

28.12.2018

Varsel om kontroll etter søknad om RMP (regionalt miljøprogram i jordbruket) pr 15.10.2018, Foretaket 887651892 BYGGMESTER BENGT INGVAR D I D E N

Meland kommune viser til foretaket sin søknad om RMP i jordbruket i oktober 2018.

I følge § 10 i Forskrift om produksjonstilskot, skal kommunen kontrollere at utbetaling av RMP tilskot til aktuelle føretak er korrekt. Føremålet er å sikre at opplysingane i søknaden dannar rett grunnlag for utrekning av tilskot, og at tilskotet vert nytta til aktiv jordbruksproduksjon.

Rundskriv 2018-17, punkt 5.5, seier at minst 5 % av søkjarane i kommunen skal kontrollerast kvart år. Forvaltningslova § 15, gjev reglar for korleis kontrollen skal gjennomførast, og vi melder med dette at føretaket ditt er valt ut til kontroll etter gjeldande søknadsomgang. Kommunen kan kontrollera heile eller delar av søknaden. **Dette året vil kontrollen vera ein dokumentkontroll som gjeld søknaden om tilskot til dyr på utmarksbeite i fjellet.**

Kommunen ynskjer dokumentasjon kor mange dyr du har hatt på fjellbeite i beitelaget du er medlem av beitesesongen 2018. Døme på dokumentasjon kan vera dyrehaldsjournal, eigne notatar, betalt beiteleige pr. dyr o.l. Dette kan sendast til kommunen pr brev eller pr epost.

Frist for innsending er sett til 10. januar 2018

De har rett til å klage over avgjerda om å gjennomføre kontroll av føretaket sin søknad. Klagen kan vere munnleg eller skriftleg, men må fremjast straks, og seinast innan tre dagar frå de mottar varslinga. Det vert sett vekk frå helgedagar.

Vi ber om stadfesting av at de har motteke denne varslinga om kontroll

Dersom de har spørsmål til kontrollen, kan de kontakte underteikna (56171185/95735405) epost: laila.bjorge@meland.kommune.no

Med helsing

Laila Bjørge
landbrukssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Mottakere:

Byggmester Bengt Ingvard Iden

lo

5917

ROSSLAND